

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2024/302-12

Saksbehandlar

Rune Helland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Planstrategi 2024-2028

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke at planstrategien for 2024-2028 vert gjort gjeldande slik den føreligg. Administrasjonen kan gjera språklege og visuelle rettingar før endeleg publisering i Framsikt.

Vedlegg

1 Planstrategi 2024-2028, politisk behandling

Lenke til planstrategien:

<https://pub.framsikt.net/plan/kvinnherad/plan-3b0aa4ef-2ebf-4901-aa1c-fa875ab29e66-72397/>

Samandrag/Saka gjeld:

Saka gjeld vedtak av planstrategi for perioden 2024 – 2028. Planstrategien fell saman med planprogram for teknisk justering av kommuneplanens samfunnsdel.

Jfr. Pbl §10-1, 2. ledd skal framlegg til politisk behandling av planstrategien offentleggjerast 30 dagar før behandling i kommunestyret. Difor offentleggjerast innstillinga før innkalling til møte i kommunestyret,

Saksutgreiing:

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. (Pbl §10-1, 1. ledd). Det er høve til at utarbeiding av planstrategi kan slåast saman med og være ein del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen. (§10-1, 4. ledd). Kvinnherad gjer bruk av dette høvet på den måten at strategien tek opp i seg planprogram til rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Denne rulleringa er meint som ein teknisk justering av planen for tydeleggjering og betre samanfall med den årlege rulleringa av økonomiplanen. Den vil òg gje betre grunnlag for sektorplanane. Den er ikkje meint å gje samfunnsdelen ein ny strategisk retning.

I tillegg til planstrategien inneheld planprogrammet for KPS eit innleiande kapittel som støtter dei formelle krava til planprogram i PBL § 4-1. Planprogrammet er behandla administrativt etter delegasjonsreglementet, og er lagt ved varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel. Stadfesting av planprogrammet vert gjort av kommunestyret i eiga sak.

Om planstrategien

Plikten til å utarbeide planstrategi er kome inn i loven til erstatning for pålagt rullering av kommuneplanen kvart fjerde år. Planstrategien skal då ha ein vurdering av om det skal settast i gong rullering av heile eller delar av samfunnsdel eller arealdel i kommuneplanen.

Vidare skal planstrategien gje eit bilete av kva planoppgåver som skal prioriterast av kommunen i valperioden. Slik Kvinnherad brukar å gjere det tek vi òg med ein oversikt over pågåande planarbeid. Planstrategien gjer på den måten eit bilete over kva for ressursar som ein kan forventa blir kravd i planarbeidet i dei næraste åra.

Grunnlag for planstrategien er i første hand folkehelseoversikten, som òg skal rullerast kvart fjerde år, og dei statlege planforventningane som blir fornya i juni kvart valår.

Dei føreliggande statlege forventningane til kommunal og regional planlegging (planforventningane) er denne gongen delt inn i fem kapittel med til saman 72 forventningar. Kvinnherad har denne gongen valt ein tilsvarande struktur for planstrategien. Den er delt i fem innleiande kapittel med til saman 39 avsnitt. Kvart av avsnitta viser til ein eller fleire av planforventningane. På slutten av kvart avsnitt er vist til føreslegne plantiltak, og fylgjer for rulleringa av kommuneplanens samfunnsdel. Dei fem kapitla er:

Kapittel 1, planlegging og samhandling, som gjer eit bilete av kommunen sitt plansystem i sin heilskap. Det inneheld avsnitta

- Grunnlag for overordna planer i kommunen
- Planstrategien
- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kostnadseffektiv planlegging og digitalisering
- Oppdaterte planer og forenkling i planlegginga
- Arealrekneskap
- Konsekvensutgreiingar

I dette kapitlet kan ein gjere særleg merksam på avsnitta knytt til mellom anna planforventningane 5 og 6, som omhandlar kostnadseffektivitet i planlegginga og om å nytta opningane i plan og bygningslova for å forenkla planlegginga.

Kapittel 2, viktige lokalmiljø i heile kommunen, tek føre seg korleis vi ynskjer å ta heile kommunen i bruk, og korleis vi tenker at den kan vere strukturert for å tene innbyggjarane best mogeleg.

Kapitlet inneheld fylgjande avsnitt:

- Gode lokalsamfunn
- Tilstrekkeleg bustadbygging og bustader for vanskelegstilte
- Arkitektur og byggeskikk
- Nærmiljø, grønstruktur, uterom og møteplassar
- Samfunns- og arealplanlegging som verktøy i samfunnsutviklinga
- Kunst, kultur og idrett

I dette kapitlet blir mellom anna senterstrukturen i kommuneplanens samfunnsdel teke opp til drøfting. Ut frå merknader til rulleringa av arealdelen er det grunn til å vurdere senterstrukturen på nytt. Særleg bruken av omgrepet «nærsenter» for fjorten stader i kommunen er ikkje i samsvar med den regionale planen for senterutvikling, og er antakeleg lite treffande for kva kommunen ynskjer å seia med denne lista. I forbinding med dette introduserast ein tanke om å vurdere aksen

Rosendal – Husnes som eit område med indre forbinding, i fortsettinga omtala som «Den grønne aksene». Her kan ein mellom anna få til ein sterkt forbetra bussløyning med utsleppsfrie bussar i halvtimestakt.

Kapittel 3, Velferd og verdiskaping, er ein parallell til kapittelet attraktiv i kommuneplanens samfunnsdel. Her er det dei økonomiske aspekta som kjem til uttrykk. Kapittelet har underpunkta

- Grøn omstilling og berekraftig verdiskaping
- Energiproduksjon og energibruk
- Næringsareal og hamnar
- Akvakultur
- Verdiskaping i jord og skogbruk
- Sirkulær økonomi
- Mineralførekomst
- Forvaltning av massar

Kapittel 4, Klima, natur og miljø, kan samanhaldast med kapittelet «grøn» i samfunnsdelen. Her handlar det om klima og miljøtiltak. Underpunkta er

- Reduksjon i utslepp, arealbeslag og transportbehov
- Arealnøytralitet
- Karbonrike areal
- Fortetting og transformasjon
- Kompakte senterområde
- Infrastruktur for lading og hydrogen
- Artsmangfald, jordbruk, natur og friluftsområde
- Særleg om KULA- området
- Strandsoneforvaltning
- Berekraftig utvikling i fjell og utmark
- Fortetting fritidbustader. Usett rullering av føremålet
- Sikring av vassdragsnatur, sikring av våtmark
- Samordning av plan vassforsyning og avlaup. Naturbaserte løysingar i overvassamheng.

I kapittelet vert mellom anna bruken og nytten av den grønne aksene utdypa. I avsnittet om strandsoneforvaltning visast til nasjonal planforventning 55. Her heiter det mellom anna: Det blir lagt til rette for ein meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spriddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona» Teksten i avsnittet går grundig inn kva planretningslinjene seier, og forankrar korleis Kvinnherad vil arbeide med strandsoneforvaltninga.

Kapittel 5, Samfunnstryggleik og beredskap, har ikkje eit direkte motsvar i kommuneplanens samfunnsdel hos oss. Mykje av innhaldet er teke med i kapittelet «frisk», noko er òg omhandla andre stader. Typisk er tilpassing til klimaendringar under frisk, mens omsyn til klima i planlegginga (i tydinga verknader for klima) er grøn. Her er underpunkta

- Vektlegging av samfunnstryggleik og beredskap. ROS- analyser
- Omsyn til endra klima i planlegginga
- Tilpassing av samfunnet til klimaendringar. Bevaring og restaurering av naturområde
- Jordvernstrategi. Arealnøytralitet
- Drikkevassforsyning som del av vurderinga av samfunnstryggleik.

Kapittel 6 er ein liste over prioriterte planoppgåver. Desse er delt i avsnitt

- Kommuneplanens samfunnsdel
- Kommuneplanens arealdel
- Kommunedelplanar, tematisk
- Temaplanar
- Områderegulering

- Detaljregulering
- Andre planrelaterte oppgåver.

Rulleringa av samfunnsdelen til kommuneplanen har blitt nemnd. For arealdelen går det føre seg ein rullering som har vore på høyring ein gang. Her er det ein prosess for å få fjerna merknader og motsegn, og planen blir venteleg sendt på ny høyring i løpet av fyrste halvår 2025.

I arbeidet med rulleringa av KPA vart tema naust og fritidsbustader teke ut for ein seinare rullering. Igangsetting av denne rulleringa er teke inn i planstrategien. Sidan planprogrammet for Kvinnherad 2050 vart utarbeida har enkelte tema fått forsterka merksemd. Ein av desse, som er nemnd fleire stader i planstrategien, er det ein meiner med omgrepet arealnøytralitet. Dette gjeld eigentleg å unngå nedbygging av natur og dyrka mark i så stort monn som mogeleg, og kva kompensierende tiltak ein kan gjera der slik nedbygging ikkje er til å unngå. Arealnøytralitet vil få større merksemd i denne rulleringa av KPA.

Lista nemner ein del temaplaner som skal igangsettast i perioden. Det gjeld

- Temaplan for plasthandtering
- Strategi verneskog (skog som rassikring)
- Strategi for sikring av friområder
- Overordna plan for rehabilitering av kommunal bygningsmasse
- Friluftslivets ferdselsårer

Nokre tematiske kommunedelplanar er nye:

- Kommunedelplan kultur, som er ein samanslåing av fleire planer innen kulturområdet. Herunder idrett, aktivitet og friluftsliv, bibliotekplan, frivilligplan. Lista er ikkje utfyllande.
- Kommunal transportplan med plan for hamnar. Dette skal vere ein samla transportplan for kommunen med strategisk prioritering av samferdsleoppgåver
- Kommunedelplan naturmangfalt. Her vil ein gjere ein omfattande kartlegging av naturmangfalt i kommunen. Arbeidet er allereie starta i forbindelse med kartlegging av sjøområda i forbindelse med konsekvensutgreiing i kommuneplanens arealdel.

Områdeplanar. Eksisterande planstrategi lista tre områdeplanar som skulle igangsetjast etter at pågåande planarbeid for Rosendal og Sunde vert avslutta. Desse var Sæbøvik, Valen og Uskedalen. Planstrategien nå foreslår å utvida dette med plan for Hatlestrand, som tek opp i seg arbeid som blir igangsett av bygdelaget i desse dagar. Vidare skal ein ikkje ha geografiske kommunedelplanar, slik at kommunedelplan for Husnes, som der er laga planprogram for, vert avvikla og erstatta av områdeplan for Husnes sentrum.

Ein ser føre seg at tre av områdeplanane kan ha oppstart i 2025. Rekkefylja kan til dømes vere Sæbøvik – Husnes – Uskedalen, då med oppstart Sæbøvik i første halvdel av 2025.

Kommunal detaljregulering. Nokre av tiltaka i kommuneplanens arealdel vil krevje at det settast i gong reguleringsarbeid i kommunal regi. Dette gjeld utfyllinga i Austepollen og det foreslegne næringsområdet i Kongsvikane.

På Ølve er det avtala med fylkeskommunen at kommune og fylke går saman om reguleringsplan for Husa bru med omgjevnader.

Plan for næringsområde Landa er klår til å melde oppstart. Det same gjeld industriområde Årsnes, når det blir endeleg avklara kva form denne planen skal ha.

Eit område på Sætre, mellom Sæbøvik og Eidsvik, treng regulering då det her er mogelegheit for fortetting, og vanskeleg å gjera noko med byggegrensa mot sjø utan plan. Då tilgjengeleg areal for

området er spreidd på fleire eigedomar, kan det ikkje forventast at det setjast i gong privat planarbeid.

Plan for omsorgsbustader Halsnøytunet er vidareført frå tidlegare planstrategi.

Andre planoppgåver. Her vil ein nemne særskilt arbeid som rør ved plansystemet i kommunen i det heile. Det gjeld mal for risiko og sårbarheitsanalyser, og planvask som er ein systematisk gjennomgang og vurdering av gjeldande reguleringsplanar for vidareføring, oppheving eller oppdatering.

Kapittel 7 omhandlar pågåande planarbeid, og er teke med for å gje ein oversikt over dette.

Kapittel 8 summerer foreslegne endringar i kommuneplanens samfunnsdel. Det viktigaste er her at omgrepet «satsingsområder» for ein stor del samsvarer med dagens mål i planen, men noko oppdelt der dette gjer det klårare kva satsingsområdet gjeld. Måla er for ein stor del henta frå dagens strategiar, der dette er høveleg. Kategorien «strategi» skal ikkje lengre vere i samfunnsdelen. Tanken er at delmål og strategiar skal hentast frå temaplanar og tematiske kommuneplanar. Dette grepet gjer samanhengen mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, som skal vere handlingsdel til samfunnsdelen, mykje klarare.

Kapittel 9 omhandlar kunnskapsgrunnlaget for planen.

Økonomisk berekraft:

Planstrategien påverkar kommuneøkonomien på fleire vis.

Lista øver prioriterte planoppgåver synleggjer kva ein kan forventa av utgifter til planarbeid og investeringar i gjennomføringsfasen for planar i åra som kjem. Planstrategien er ikkje eit budsjettvedtak, slik at kostnader for planane som ikkje er sikra finansiering må behandlast særskilt av kommunestyret frå år til år.

Omstruktureringa av kommuneplanens samfunnsdel gjer koplinga mellom samfunnsdelen og økonomiplanen tydelegare. Ved kvar rullering av økonomiplanen vert det mogeleg å ta strategiske val om kva satsingsområde som skal vektleggjast

Sektorplanar som skal setjast i gang vil gje delmål og strategiar til økonomiplanen, og såleis ha direkte verknad for kommuneøkonomien

God planer vil generelt sett vere ein viktig del av heilskapleg styring av kommunen sin verksemd, og såleis bidra til ein god og stabil kommuneøkonomi.

Miljø og klima berekraft:

Ein viktig del av justeringa av samfunnsdelen er tydeleggjering av krava til miljø og klima berekraft. Kapitlet Grøn får tre satsingsområde: Vern av natur, Klimatiltak og berekraftig utvikling av jord-, skog-, og fjordbruk.

Planstrategien visar til mål og verkemedel for reduksjon av klimagassar.

Omsyn til vern av natur vert tydeleggjort på ein rekke områder.

Det skal settast i gang arbeid med artsmangfaldsplan i kommunen, der første delen, kartlegging av livet i fjorden, er gjort i forbindelse med rullering av kommuneplanens arealdel.

Sosial berekraft:

I folkehelseoversikta, som er kunnskapsgrunnlag for planstrategien, kjem det tydeleg fram at sosial utjamning er viktig for god folkehelse.

Kapittelet «frisk», som omhandlar det sosiale aspektet i kommuneplanens samfunnsdel, er på fleire vis det tyngste kapittelet med flest hovudmål. Jamvel har ein her henta inn flest delmål frå andre planar, framfor alt handlingsdel til temaplan for oppvekst. Mange intensjonar som syner seg i strategiane, er det teke mindre omsyn til i økonomiplanen. I omstruktureringa av samfunnsdelen er det teke inn følgjande satsingsområde som påverkar sosial berekraft:

- Reduserte sosiale skilnader
- Gode sosiale tenester i alle fasar av livet
- Samfunnstryggleik
- Kommunen som arbeidsgjevar
- Frivillig sektor

Hovudmål er henta frå strategiane, med nokon tilføyningar:

- Under reduserte sosiale skilnader:
 - o Tiltak for unge på bustadmarknaden
- Under samfunnstryggleik:
 - o Omsyn til klimaendringar i planlegginga
 - o Å nytta naturbaserte løysingar i tilpassing til klimaendringar
 - o Drikkevassforsyning som kritisk infrastruktur
- Under kommunen som arbeidsgjevar
 - o God oppfølging av sjukemeldte, og tiltak for å få dei det gjeld raskare tilbake i jobb
 - o Sjå eldre arbeidstakarar som ressurs

Blant prioriterte planoppgåver som rør ved sosial berekraft nemnast

- Bustadsosial handlingsplan som skal rullerast, og kor ein vurderar å utvide til ein samla bustadpolitisk handlingsplan
- Førbyggjande plan for omsorgssvikt og åtferdsvansker, som er eit igangsett planarbeid
- Oppvekstkår, handlingsdel som skal rullerast
- Overordna beredskapsplan som skal rullerast

Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid

Omstruktureringa av samfunnsdelen inneber ein tydeleggjering av forholdet mellom temaplanar/ sektorplanar og den overordna samfunnsdelen. Dette vil vonarleg verke inn på å gjere samarbeidet i kommunen mellom sektorane endå betre enn det allereie er.

Planstrategien er slik strukturert at den tydeleggjer samanhengen mellom føreslegne plantiltak, endringar i samfunnsdelen og dei statlege planforventningane. Ein tydeleggjering av korleis kommunen svarar på uttalte planforventingar vil tydeleggjere kommunikasjonen med andre styresmakter.

Både fylkeskommunen og statsforvaltaren har i forkant av arbeid med planstrategien sendt brev med uttale om kva dei forventar av planstrategiane. Brevet frå fylket har sterkt samanfall med høyringsutkast til utviklingsplan for fylket, som er fylkets regionale planstrategi. Dette saman med synleggjering av kommunens intensjonar i planstrategien vil vonarleg stø samarbeidet med regionale styresmakter i det vidare arbeidet med planane, slik at ein kan virke betre saman for å realisere FN sine berekraftsmål.

Konklusjon

Den føreliggande planstrategien vurderast å gje gode føringar på planarbeidet i komande fireårsperiode.